

PS 81/21 Bømlo formannskap - Budsjettframlegg Bømlo kommune 2022 - forslag frå Bømlo KrF

Bømlo KrF støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 1-9 og fremmar følgjande tilleggspunkt:

10. Bømlo kommune held fram med Fritidskortet som ei kommunal ordning, også etter den statlege ordninga vert trekt tilbake frå 1.juli, med utgangspunkt om kr. 1000 i halvåret til fritidsaktivitetar for born og unge mellom 6 og 18 år. Det vert sett av inntil kr 1 300 000,- til føremålet til hausten 2022.
Vi bed administrasjonen leggja fram sak dersom det er naudsynt å gjera avgrensingar på beløp per born eller kva aldersgrupper som får tilbodet, innanfor den avsatte summen.
11. Kommunestyre ber om at det vert sett av kr. 300 000 per år til eit fond for driftsmidlar til lag og organisasjonar
12. Kommunestyret ber om at ein aukar ordninga med kommunalt beitetilskot frå kr. 100 000,- til kr. 150 000,- per år.
13. Kommunestyret ønskjer å auka satsinga på førebyggjande tenester og tidleg innsats i hovudområdet for helse, sosial og omsorg. Det vert sett av inntil kr. 1,2 mill. til stillingar og/eller tiltak.
Administrasjonen legg fram eiga sak med framlegg til disponering av midlane tidleg på året 2022.
14. Kommunestyret ber om at barnetrygda skal liggja utanom berekningsgrunnlaget for sosialstønad.
15. Kommunestyret løyver kr. 500 000 til drift for Moster Amfi AS

Inndekning vert teke frå den forventta auka ramma på omkring 6 millionar i regjeringa sin tilleggsproposisjon.